



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale - Konsesjon - Vindafjord - Vaka kraftverk AS - Auka slukeevne

Vi viser til brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 26.11.2025.

Bakgrunn

NVE har motteke ein søknad frå Vaka kraftverk AS om løyve til å auke slukeevna for Vaka kraftverk i Vindafjord kommune frå 480 l/s til 865 l/s. Søknaden skal behandlast etter vassressurslova.

Vaka kraftverk fekk 27. november 2012 konsesjon til å nytte vassfallet i Vakaelva, mellom kote 263 og kote 5. Med grunngjeving i førekomst av raudlistearten flaummose (*Hyocomium armoricum*), blei omsøkt slukeevne på 750 l/s (tilsvarande 154 % av middelvassføringa) redusert til 480 l/s (tilsvarande 98 % av middelvassføringa).

Det blir no søkt om at slukeevna for Vaka kraftverk blir auka til 865 l/s. Dette vil auke årleg produksjon av rein og fornybar energi med 1,8 GWh (frå 4,6 GWh til 6,4 GWh). Auken utgjer straumbehovet for 90 husstandar. Nedgraven røyrgate er på førehand bygd og dimensjonert for omsøkt slukeevne 865 l/s, likeins Coanda-inntaket og høgspentanlegget. Det er òg ledig plass til ny turbin i kraftstasjonen. Omsøkt auke i slukeevne vil difor ikkje medføre nye terrenginngrep i området.

Statsforvaltaren si vurdering

Den raudlista flaummosen (NT-nær truga) er ein oseanisk art som trivst i fuktkevjande område. Arten er difor truga av vasskraftutbygging. Undersøkingar i det aktuelle tiltaks- og influensområdet til Vaka kraftverk viser at arten ser ut til å ha tolt utbygginga godt, med ein sterk og levedyktig bestand langs vassdraget¹. Ein kan ikkje sjå bort ifrå at dette òg har samanheng med lokalklimatiske tilhøve.

Sjølv om tiltaket ikkje vil føre til nye terrenginngrep, vil omsøkt auke i slukeevne medføre ein vesentleg reduksjon av vatn i vassdraget samanlikna med slik situasjonen er i dag. For at ein kan akseptere auka slukeevne som omsøkt, må det forsikrast om at ikkje bestanden av flaummose blir forringa som følge av mindre vatn. Vi tilrår difor at NVE set vilkår om kartlegging av bestanden av

¹ Flommose *Hyocomium armoricum* (NT) ved Vaka kraftverk, Ecofact notat datert 12.07.2023.



flaummoser som ligg innanfor det arealet langs vasstrengen som blir påverka av auka slukeevne. Ein må då kartlegge og kartfeste eit representativt utval av populasjonen slik den er i dag, slik at ein har eit nullpunkt som referanse. Vidare må det stillast krav om at dei same områda blir kartlagt fem år etter endra slukeevne for å sjå på eventuelle negative effektar, slik at ikkje bestanden blir redusert som følge av tiltaket. NVE må då kunne krevje at slukeevna blir sett tilbake til slik den var i opphavsleg konsesjon – 480 l/s – som ein veit er tilhøve der flaummosen klarer seg.

Med helsing

Tage A.T. Eriksen (e.f.)
fagleder natur

Annette Fosså
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune
Vindafjord kommune
Haugalandet vannområde

Postboks 130
Rådhusplassen 1

4001
5580

Stavanger
Ølen